

Aukande besøk og god stemning i båthamna.

19.07.2016



Det store teltet er populært, og no er det klart for reperasjon av tømmerbenkene utanfor.

**Siste vekene har besøket i båthamna auka betydeleg. Trass i at sommarveret ikkje har vore topp, er dei besøkjande svært fornøgde. Tilbakemeldingane er gode, gjestene er svært nøgde både med ryddighet, beliggenhet og tilbodet elles. Særleg gjev mange uttrykk for at dei set pris på det store teltet som er til disposisjon.**

Med teltet vert ein også mindre avhengig av veret. Det har kome godt med i det siste, og det kan brukast til alt frå aktivitetar med borna til måltid. Begrensningane er få, og båtfolket rosar det, og seier at teltilbodet er unikt for Uskedalen.

Sist søndag ettermiddag var besøkjande frå 8 båtar samla i teltet. Samla rundt langbord var stemningen svært god. Der var det både trekspelmusikk, gitarspel og mat. Dei fekk ein kjempekoseleg ettermiddag i gråveret!

Tilrettelegginga for båtfolket er god, og det meste er godt på stell. Einaste som treng reparerast er tømmermøblane utanfor teltet. Her er material komen på plass, og båtlaget har som mål at arbeidet skal vera gjort til Festidalen.

Leiar i Uskedal båtlag, Hans Gustav Mussland, fortel elles at båthamngjestene har merkt seg den gode maten på Oska, og set svært stor pris på det.

- Nokre kjem faktisk hit fordi dei kjenner til den fantastiske maten Roy Lervåg serverer frå før, seier den fornøgde bålagsleiaaren til slutt.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland